

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 10.05.2021  
**SAKSHANDSAMAR:** Kjell Inge Solhaug  
**SAKA GJELD:** **Nye Førde sjukehus - løypemelding**

**ARKIVSAK:** 2020/1992

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
25.05.2021

**STYRESAK:**  
033/2021

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek løypemeldinga til vitende.

## Oppsummering

Arbeidet med bygging av Livabygget starta opp 12. april 2021. I styresak 008/2021, punkt 4, har styret vedteke at det skal utarbeidast ein plan på å redusere med 70 millionar kroner om Helse Førde ikkje skulle ha bereevne til heile investeringa. Ein slik reduksjonsplan vil vere knytt til Svana 2 og Svana 3. Administrerande direktør vil legge fram ein slik reduksjonsplan for styret på møtet i desember 2022.

## Fakta

Arbeidet med Livabygget starta opp 12. april 2021. Det er utarbeidd kvartalsrapportering til Helse Vest, og denne rapporten er vedlagt styresaka.

I styresak 008/2021 den 29. januar 2021 var det gjort følgjande vedtak:

1. Nye Førde sjukehus skal gjennomførast innanfor ei total kostnadsramme på 1,873 milliardar i 2020 kroner.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å signere kontrakt for gjennomføring Livabygget i 8 etasjar og Svana 1.
3. Styret ber administrerande direktør legge fram ny sak for styret før oppstart av delprosjekt Svana 2 og Svana 3.
4. Det skal utarbeidast ein reduksjonsplan på 70 millionar dersom Helse Førde ikkje har bereevne til heile investeringa.
5. Styret ber administrerande direktør finne løysingar for Svana 4 innanfor dei årlege drifts- og vedlikehaldsbudsjetta.
6. Den totale kostnadsramma på 1873 millionar i 2020 kroner vert send over til Helse Vest for endeleg handsaming.

For oppfølging av punkt 4 er det no gjort ei vurdering og laga ein tidsplan for arbeidet med å redusere kostnadene med 70 millionar kroner.

## Kommentarar

Den signerte kontrakten vi har for Livabygget og Svana 1 kan truleg ikkje bli påverka av ein plan for kostnadsreduksjon. Dette prosjektet er saumfart for kostnadsreduksjonar i ei lang samhandlingsfase med Veidekke og driftsorganisasjonen i Helse Førde, og kontrakten er signert.

Planlegginga av Svana 2 og Svana 3 vil starte opp i 2023, og det er desse arbeida som eventuelt blir påverka av kostnadsreduksjonar. Pasientbehov, framskrivingar og medisinsk utvikling vil kunne vere i endring fram mot 2023, og det blir lettare å gjennomføre ei rett prioritering og forankre prioriteringa når vi nærmar oss oppstart for Svana 2 og Svana 3. Reduksjonsplan på 70 millionar knytt til Svana 2 og Svana 3 må leggest fram for styret før oppstart av desse arbeida. Naturleg tidspunkt blir styremøtet i desember 2022.

## **Konklusjon**

Reduksjonsplan på 70 millionar knytt til Svana 2 og Svana 3 skal nyttast dersom Helse Førde ikkje har berevne til heile investeringa. Administrerande direktør legg fram for styret ein reduksjonsplanen på møtet i desember 2022.

## **Vedlegg**

Kvartalsrapport til Helse Vest